



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/227239-3

Dykkar referanse:


Vår dato:  
20.02.2019

### Uttale – Fv. 410 – Gnr. 44 bnr. 70 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til e-post og notat frå Radøy kommune.

Det er stilt spørsmål kor fylkesveg 410 endar på Mangersvåg kai og kor avkøyrse til fylkesvegen er. Spørsmålet vart aktuelt i samband med at det er søkt om legalisering av tre leilegheiter på gnr. 44 bnr. 70 m.fl. i Radøy kommune. Leilegheitene vart etablert i tida mellom 2002 til 2008.

Området er regulert gjennom ein eldre reguleringsplan *Mangersvåg industriområde* (1996). I tillegg har kommunen regulert deler av kaiområdet gjennom reguleringsplan for *Mangersvåg kloakkanlegg* (2018).



*Situasjonskart syner overgang mellom fylkesveg (brun kilimetrering) og privat veg (grøn kilimetrering).*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Vi har ikkje klart å bringe på det reine kor langt ut på kaia Hordaland fylkeskommune eig og driftar. Kilometering strekker seg nesten heilt ned til kaiområdet, og dette meiner vi at kommunen kan leggje til grunn som fylkesveg (sjå situasjonskart over). Samstundes går eigedomsgrensa lenger ut på kaia, tilsvarande areal som er avsett til o\_SKV i reguleringsplan for Mangersvåg kloakkanlegg.

Det er ikkje uvanleg at det er uklare eigedomsforhold på eldre kaiområder. Det vil vere eit større stykke arbeide å få avklart eigedomsgrensene. Endeleg svar får ein ikkje før eigedomane vert oppmålt.

Kommunen spør og om forholdet til avkøyrsløse frå offentleg veg. Mot kaiområdet er det ein overgang mellom offentleg og privat veg vidare ut på kaiområdet. Følgeleg vert det ikkje etablert ordinær avkøyrsløse med siktsoner også vidare, men formelt sett er det likevel eit avkøyrsløsepunkt her. Det er i tillegg problematisert om eit areal i planen er regulert til felles avkøyrsløse eller felles parkering. Dette spørsmålet må kommunen sjølv ta stilling til. Kommunen viser til at arealet kanskje er meint å fange opp avkøyrsløser for fleire eigedomar. Arealet er i dag ikkje utforma som ei avkøyrsløse, men er nytta til parkering og lagring langs fylkesvegen. Vi er einig med kommunen at løysinga ikkje tek i vare omsynet til trafikktryggleiken. Dersom bruken ikkje er i samsvar med regulert føremål bør kommunen vurdere om det er aktuelt å krevje ei opprydding og oppstramming av arealet jf. veglova § 43 og *Forskrift om bygging og vedlikehald av avkøyrsløser frå offentlig veg (1964)*.

Generelt ber vi om at areal eller områder vert regulert om dersom gjeldande planar er eldre og ikkje oppfyller dagens krav til utforming.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*